



FNF Hordaland

Vassregionmyndigheit Hordaland
Pb. 7900
5020 Bergen

Bergen 27.12.2012

Høringsuttale frå Forum for Natur- og Friluftsliv (FNF) i Hordaland på Vesentlige vassforvaltningsspørsmål, Vassregion Hordaland

Innleiing

FNF Hordaland er eit forum for samarbeid mellom ulike natur- og friluftorganisasjonar i Hordaland. Med på denne uttalen er Naturvernforbundet i Hordaland, Bergen Turlag og Jeger- og Fiskerforbundet i Hordaland. Vi har til saman ca. 35.000 medlemmer over 40 lokallag i fylket.

Forum for Natur og friluftsliv (FNF) i Hordaland stiller seg positivt til at Noreg innfører EUs vassdirektiv, og til det planleggingsarbeidet som er i gang. Det er gjort eit grundig forarbeid av Hordaland fylkeskommune sine saksbehandlarar, som har laga eit utkast ("midtvegshøyring") som er sendt ut på høyring. Det er i natur- og friluftinteressene si eiga interessene at vi får medverka med vår kunnskap til dette arbeidet. FNF-Hordaland ønskjer også å vera med og kommentera dette høyringsutkastet, som gjeld alle vassregionane i fylket, for så å adressera spesifikke kapittel i VR Hordaland sitt dokument.

Ny vassforvaltning

Vassforskrifta kan gje norsk vassforvaltning eit nytt løft. Målet er at alle vassførekomstar når ein god økologisk og kjemisk tilstand innan planperioden. Det er derfor eit tankekors at det samstundes blir gitt løyve til ei storstilt nedbygging av bekker og små elver gjennom ordninga med grøne sertifikat, som kan påverka tilstanden i negativ retning. Dette skjer i fornybardirektivet sitt namn, som har perioden fram til 2020 på seg til å oppnå sine mål. For å nå målssettinga med dei "grøne sertifikat" må NVE sine konsesjonar mot dette målet koma innan 2017, mens planperioden for vassforvaltning er fram til 2021. Dermed misser dessverre den påtenkte sektorovergripande vassforvaltninga mykje av sin effekt før ein i det heile får starta arbeidet. Trass i naturmangfaldlova, direktiv og konvensjonar som skal sikra biologisk mangfald, er det dessverre klimatiltaka som kjem i mål først og som fører til stikk motsett verknad.

FNF Hordaland meiner at dette må med i forvaltningsplanen som et viktig element, for å få betre samordning mellom vasskraftutbygging og vassforvaltning.

Nødvendig oppdatering

Lovverket har mange fine ord og paragrafar som skal sikra bærekraftig forvaltning, men manglar reiskapar i verktøykassa til å utføra dette. FNF-Hordaland vil peika på nokre av desse:

1. Behovet for å greia ut sumverknader.
2. Oppdatert metodikk til konsekvensutgreiingar.
3. Felles rettleiar for overvakings- og klassifiseringsundersøkingar.

Dette slår særleg ut på §12 i vassforskrifta. Derfor må spørsmålet om korleis §12 skal brukast på planprosessar og konsekvensutgreiingar avklarast, og det må lagast nye reglar og rettleiarar basert på vassdirektivet, naturmangfaldlova og den nye plan- og bygningslova. Dei noverande programma for konsekvensanalyse av til dømes vasskraftutbygging følgjer eit system som verdsetter naturressursar på ein måte som ikkje kan sameinast med bærekraftig bruk av vatn og vassdrag. Analysane konkluderer med gjennomsnittsvurderingar, der ein risikerer at dei fleste tiltaka blir vurdert som ”middels til lite negative” totalt sett. Men det nye vassdirektivet sitt system vil derimot det mest negative (ekstremisituasjonen) gje den endelege konklusjonen. Dette er eit av dei viktigaste prinsippa i vassforskrifta, og ei svekking av det vil vera å kasta bort verdifullt planarbeid og kunnskapsinnhenting. I staden for å halda fram med dette, kan vi spare samfunnet og naturen for nye store påkjenningar ved å få innført nye retningslinjer for konsekvensutgreiingar (KU) snarast, som er i tråd med både vassdirektivet og nytt norsk lovverk. Ein viktig del av slike retningslinjer er ein metodikk for vurdering av sumverknader for heile vassregionar og landsdelar.

Revisjon av konsesjonar og prioritering av vesentlege spørsmål

Det er eit tankekors at dei ulike vassregionstyresmaktene blir pålagt å laga ei prioriteringsliste for revisjon av konsesjonar før ein er ferdig med den første runden av karakterisering av vassførekomstane, og ein kan undra seg over kva som er formålet med dette. Andre fylkeskommunar har utsett arbeidet med å laga vassforvaltningsplanar på grunnlag av krava i vassdirektivet til dess kunnskapsgrunnlaget er klart. I Hordaland har ein likevel laga eit førebels høyringsutkast for å få ei første tilbakemelding frå dei ulike brukarinteressene. FNF-Hordaland har valt å konsentrera seg om å kommentera den overordna delen av dokumentet, og ikkje gå inn på alle detaljane i bakgrunns materialet i dei ulike vassregionane (www.vannportalen.no og www.vannett.no). som vi reknar med er godt dekkja av fylket sine saksbehandlarar.

Vesentlege vassforvaltningsspørsmål

FNF Hordaland er stort sett einig i tilstandsvurderinga i dokumentet frå Hordaland fylkeskommune (VRM). Høyringsutkastet munnar rett nok ikkje ut i konkrete tiltak, men gjev ei oversyn over dagens situasjon, ulike typar påverknad og risikoanalyse.

Vi forventar at VRM går vidare med arbeidet og konkretiserer kva ein kan oppnå ved ulike scenarier, noko som er sterkt knytt både til økonomiske og juridiske verkemiddel. Dette bør få første prioritet, og ein kan starte med å stilla spørsmålet om det er mogeleg å nå miljømåla i alle vassførekomstane.

Vesentlege vassforvaltningsspørsmål kan vera:

1. Økonomiske og juridiske verkemiddel inkludert kunnskapsmangel (”knowledge gaps”).
2. Nasjonale målkonfliktar og mogeleg samordning.
3. Påverknad på tvers av landegrensar.
4. Særskilte utfordringar i vatn- og avløpssektoren
5. Tiltaksanalyse

Kunnskapsmangel.

Bakgrunns materialet på www.vannett.no viser svært mange førekomstar med status ”antatt tilstand”. Dette kan like godt vera på grunn av manglande kapasitet hos VRM til å henta inn data frå ulike fagmiljø som på grunn av reell kunnskapsmangel. I det vidare arbeidet med å innhenta og kvalitetssikra data bør metodikken samordnast over kommune- og fylkesgrenser. Såleis kan friluftsråd med eigne båtar på oppdrag frå KLIF o.a. ta periodiske målingar som ein regulær del av rutine. Dessutan bør det prioriterast betre.

Nasjonale målkonfliktar.

Som nemnt er det eit misforhold mellom krav til revidering av kraftkonsesjonar og måleperiodane for vassforvaltning, som gjer det nesten uråd å nå dei oppsette mål innan første planperiode (2021). Det blir uråd å oppfylle krava i direktivet utan å endra dei nasjonale retningslinjene. Derfor burde krava til vilkårsrevisjonar vore endra slik at dei samsvarer med direktivet. Når det ikkje er gjort, verkar det som om Regjeringa ønskjer heile direktivet undergrave. Eit stort problem er det og at vassforvaltninga ikkje er samordna på regionalt nivå, noko som kan rettast på ved oppretting av eit Miljødirektorat.

- (1) Påverknad på tvers av landegrenser. Både i spørsmålet om sur nedbør og ”grøn” energi er det nødvendig med samarbeid på tvers av landegrenser. Endringar i norsk energipolitikk får konsekvensar også i Europa på grunn av den felles kraftmarknaden,
- (2) Særskilte utfordringar. I vatn- og avløpssektoren er det særlege utfordringar på grunn av at kravet til vasskvalitet – både til drikkevatt og anna – er strengare i EU enn i Noreg.
- (3) Tiltaksanalyse. Når ein har oversyn over tilstanden i dag, påverknader, brukarinteresser og konfliktar, og risikoen for ikkje å nå miljømåla, kan ein laga ei prioritering og ein handlingsplan fram til 2021. I mellomtida må vi prøva å gjera det beste ut av ein situasjon med premiært vasskraftutbygging (”grøne sertifikat”).

Kommentarar til ulike kapittel

Bakgrunn og miljømål (kap. 5)

FNF-Hordaland meiner at miljømåla er sett altfor lågt, særleg i forhold til det trugsmålet mot bærekraftig bruk av naturressursane som dei ”grøne sertifikata” utgjer. Her er standard miljømål sett opp med ein frist til 2021, mens ”sterkt modifiserte vassførekomstar” (SMVF) har frist heilt til år 2027. Dei grønne sertifikata går som sagt ut i 2017, slik at ”toget er gått” før ein i det heile får kome seg i gang med tiltak.

Arbeidet så langt (kap. 6)

Den trege saksbehandlinga speglar seg også av i tidsramma for planarbeidet, som skal gå fram til 2015 og munna ut i ein forvaltningsplan.

Vassmiljøet i vår vassregion (kap. 7)

Her støttar ein seg stort sett på NVE sine data, som er å finna på databasen www.vann-nett.nve.no. Denne gjev eit oversyn over vassførekomstane, og seier lite om ”vassmiljøet i vår region”.

Påverknader (kap. 8)

Her er det ei oppstilling av ulike typar påverknader, som sur nedbør, hydromorfologiske endringar (utbygging, vasskraftprosjekt og anna), men ikkje kor mykje kvar av dei har å seia, og utan noko

vurdering av sumverknader. Dette blir også påpeika i høyringsutkastet, og understrekar behovet for betre grunnlag for konsekvensvurderingar som er nemnt tidlegare.

Sur nedbør

Dette var eit større problem for 20 år sidan, fordi det er kome nye internasjonale avtaler om reduksjon av SO₂-utslepp. Derimot er forsuring på grunn av auka NO_x-utslepp blitt eit stort problem. Dette burde få andre konsekvensar enn berre å kalka vatn og vassdrag, sidan NO_x også er ein helseskadeleg og ozonnedbrytande gass. Her må også gjerast noko for å redusera utsleppet, til dømes i Bergen, men det fell kanskje utanfor oppgåva til vassforvaltninga?

Vasskraftutbygging

Her er konsekvensane for fisk godt dekkja, men høyringsutkastet seier ingenting om konsekvensane for andre organismar som er knytt til vatn og vassdrag, slik som til dømes fossefall, elvemose og planteslag som er knytt til naturtypar som er truga av vasskraftutbygging (fossesprøytoner, elvesletter, kantvegetasjon, elvedelta), Dette bør rettast opp, slik at framstillinga blir korrekt. Eit av dei største problema ved regulering av vassdrag, er at reduksjon av vassføringa til minstevassføring, vanlegvis 5% av normalvassføring, fører til eutrofiering og gjengroing av vatn og våtmarksområde nedover vassdraget, og dermed også endringar i naturtypar og tap av biologisk mangfald. Også her manglar det totalt framlegg til tiltak som kan motverka skadeverknadene på vatn og vassdrag.

Vegtrafikk

Dette kapitlet ser betre ut, her er det tydelegvis betre kunnskapsgrunnlag hos saksbehandlarane enn når det gjeld vasskraft, både når det gjeld salting, eksosforureining med giftige polyklorerte hydrokarbonar (PAH) og frå bremsevæske. Her er det også opplegg til handlingsplanar som ”Regional handlingsplan mot framande skadelege artar” som blir innarbeidd i driftskontraktar. Denne praksisen burde også gjelda for vasskraftutbyggjarar, men med tanke på artar som er sårbare og truga av kraftutbygging.

Forureining

Dette kapitlet er bra, her er det oversyn over forureining både frå industri og skipsfart, gruvedrift, landbruk, oppdrettsnæringa og kommunale avløp.

Både kjemisk forureining og biologisk i form av smittespreiing og genetisk forureining frå rømt oppdrettslaks er nemnt som problemområde. Her er det til og med ein detaljert tiltakspakke både når det gjeld oppdrettsnæringa og når det gjeld framande fiskeartar, som kan truga villaks- og aurebestandane i vatn og vassdrag. Dette er endå eit døme på at dei som har skrive utkastet, har hatt fokuset på fisk og fiskebestandar, og mindre på andre organismar, både når det gjeld planter og dyr.

Tiltak (”Noko opprydding er gjort, mykje står att”)

Her er ei opplisting over tiltak som er sett i verk og delvis utført, men me saknar ei tilsvarande liste over det som står att, og som vil vera ein sentral del av den framtidige forvaltningsplanen for vatn og vassdrag, som dette arbeidet bør føra fram til. FNF-Hordaland ser fram til å kunna hjelpa til med dette arbeidet med vår kompetanse og kunnskap på området.

Heilt til slutt i kvar av dei regionale høyringsdokumenta står det ein tabell over ulike påverknadskjelder og graden av påverknad, gradert som stor, middels, liten eller ukjent, og for kvar av kategoriane elv/bekkefar, innsjø og kystvatn. Ein tilsvarande samletabell kunne vore med i det sentrale høyringsdokumentet. Dessverre er også denne tabellen basert på gjennomsnittsverdiar i staden for ekstremverdiar, difor kjem det ikkje så mykje ut av han.

Brukarinteresser (kap 9)

Her er ei liste over det som fylkeskommunen ser på som dei viktigaste brukarinteressene, der det kan oppstå konflikt. Lista er svært ufullstendig, og FNF-Hordaland vil gjerne koma med utfyllande kommentarar, til dømes

Bading og friluftsliv. Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) har oppsyn med dei viktigaste badeplassane og friluftsområda i fylket. Mange stader har vi sett at det kan oppstå konflikhtar, særleg i samband med byggeforbod i strandsona, og fylkesmannen har fått mykje ugrunna kritikk for at dette forbodet blir praktisert for strengt

Fritidsfiske. Her burde konfliktane mellom sportsfiske og vasskraftutbygging vore nemnt. Både Etneelva og Vosso er verna mot kraftutbygging, først og fremst på grunn av omsynet til villaksen.

Yrkesfiske. Her burde nemnast konflikten mellom sportsfiske på villaks og sjøaure, og det tilsvarande havfiske etter dei same fiskeslaga. Klimaendringar som trugar fleire marine fiskeslag, kunne og vore nemnt.

Skipstransport. Her er det grunnlag for store konflikhtar, særleg når det gjeld forureining ved oljeutslipp og kjemikalier.

Fiskeoppdrett. Denne næringa representerer store økonomiske interesser og er ei sterk pressgruppe. Det er difor viktig å ha ein forvaltningsplan i ryggen med forpliktande retningslinjer for korleis slike oppdrettsanlegg skal drivast og kva krav dei skal oppfylle for å bli godkjent.

Utslepp av kommunal kloakk. Dette er den klassiske forma for såkalla punktutslipp eller diffuse utslipp, som det fins tallause eksempel på. Utsleppa går særleg ut over vatn og vassdrag i form av forureining, eutrofiering og i verste tilfelle til fiskedød og oksygenmangel (til dømes Nordåsvatnet / Sælenvatnet i Bergen)

Utslepp frå industri. Her er det både organisk og uorganisk avfall som blir slept ut i vatn og vassdrag og i sjøen, som kan føra til forgifting av botnsediment over tid, slik som i Puddefjorden og Kollevåg på Askøy. Ofte er utsleppet skjedd for lang tid sidan, slik at det er vanskeleg å plassera ansvaret. Både utslepp av offentleg kloakk og frå industri skaper konflikt med fritidsinteresser ved å forøpla og forureina offentlege badeplassar, her fins mange døme (Hystadmarka, Stord, Skjoldbukta i Nordåsvatnet)

Drikkevatt. I nokre tilfelle, som i Bergen under Guardia-epidemien, har vi sett at utslepp frå kloakk har ført til forureining og forgifting av offentleg drikkevatt, med enorme konsekvensar. Her er det kommunen som sit på begge sider av bordet, slik at den eine etaten ofte ikkje veit kva den andre gjer. Men det vanlege er at forureininga kjem frå jordbruk eller industri.

Reiseliv. Her står det berre at ”mykje av reiselivet i Hordaland har tilknytning til vatn”. Det er faktisk slik at rennande vatn representerer varige verdiar i form av turisme og reiseliv som i mange tilfelle, slik som i Rullestadvassdraget og Langfossen i Etne, kan måla seg med dei verdiane som vatnet representerer i form av kilowatt dersom det blir lagt i røyr. Dette konfliktområdet skulle vore mykje meir understreka.

Vasskraft. Her blir det opplyst at Hordaland har ca. 14% av vasskraftproduksjonen i landet. Det betyr at ein svært stor del, truleg kring 80% av vatnet i fylket alt er lagt i røyr, med dei konsekvensane det får for naturmangfald, fiske, reiseliv og turisme. Likevel ligg konsesjonssøknadene i kø for store og små vassdrag som enno ikkje er utbygde, takka vere dei ”grøne” sertifikatane. Her burde omsynet til sumverknader koma inn, for etter FNF-Hordaland si meining kan det stillast spørsmål om denne småkraftutbygginga er i samsvar med vassdirektivet og vassforskrifta. Blant dei vassdraga som ligg nærast i løypa, vil vi nemna BKK sitt takrenneprosjekt, der både Øystesevassdraget og Vaksdalsvassdraget skal overførast til Samnanger, noko som fører til sterkt redusert vassføring i desse to vassdraga med fare for tilgroing og eutrofiering i Fitjadalsvatnet og andre vatn og elvestrekningar nedanfor innslaget.

Ferskvatn. Det er rett at det er eit stort behov for ferskvatn av god kvalitet til industri – særleg næringsmiddelindustrien – og til setjefiskproduksjon og jordbruk. Dette kjem lett i konflikt med andre brukarinteresser, som vasskraftproduksjon, utslepp av giftige og forureinande stoff frå industri, jordbruk og offentleg kloakk, vegbygging og annan utbygging – såkalla ”hydromorfologiske endringar.”

Jordbruk. Landbruket står for ein stor del av desse hydromorfologiske endringane, ved utslepp av silosaft, avrenning av husdyrgjødsel, vegbygging, flatehogst og treslagskifte. Her kjem dei konflikt med mange andre brukargrupper til dømes turgåarar og naturvernarar, men også med allmenne interesser (drikkevatn, fri ferdsel i utmark)

Flaumsikring. Dette er berre aktuelt for å sikra infrastruktur og offentlege bygningar mot flaum. Eit aktuelt døme er Nesttunvassdraget, der flaumen i 2005 gjorde stor skade på Nesttun senter, og der kommunen og fylket no har gått saman om å regulera vassføringa for å unngå liknande flaum i ekstremisitasjonar i framtida. Faren er at ein snur opp ned på dei naturlege årstidsvariasjonane i vassføringa, som kan gå ut over fisket og naturmangfaldet.

Naturmiljø og biologisk mangfald. FNF-Hordaland ser positivt på at vassforvaltninga i fylket framhevar dei 156 verneområda i fylket som viktige for naturmangfaldet (<http://hordaland.miljostatus.no>) og i dei regionale høyringsutkasta er desse verneområda lista opp. Men som det blir sagt, så kan ”område utanfor verneområda og vere veldig viktige for det biologiske mangfaldet.” Naturmangfaldet er truga av ei rekkje brukarinteresser der det til dels står store økonomiske interesser bak, har er nok å nemna vasskraftutbyggjarar, næringsutbygging (eks IKEA), industri, offentleg infrastruktur (veg, vatn og kloakk), bustadbygging, jordbruk og oppdrettsanlegg.

I tabellen nedst på side 26 i høyringsutkastet er det eit summarisk oversyn over dei fleste av brukarinteressene og mogelege konflikter med andre brukarinteresser. Dette oversynet burde vore mykje meir omfattande og detaljert. Ovanfor har vi prøvd å koma med innspel for å få synleggjort betre dei ulike konfliktane som kan oppstå, men det fins mange fleire døme i dei ulike delane av fylket. FNF-Hordaland reknar med at dette vil bli grundig omtalt i sjølve forvaltningsplanen, og vi ser fram til å hjelpa til med vår kunnskap og kompetanse. I ein slik plan må det også vera med ein handlingsplan med tiltak for korleis ein kan løysa konflikter og retta opp skader på vatn og vassdrag frå ulike brukarinteresser.

Eit tema som manglar, og som har tilknytning til både turisme og friluftsliv, er omsynet til (kultur)landskapet og til den europeiske landskapskonvensjonen. Dei mange inngrepa som skjer og har skjedd i vassdrag her i fylket, har endra landskapet dramatisk, særleg ved at fossane forsvinn som landskapselement. Her har heller ikkje landet vårt følgt opp pliktene sine i vassforvaltningsarbeidet.

Risikovurdering (kap 10)

I dei regionale høyringsdokumenta er det laga oversyn over såkalla økologisk tilstand på ein 10-punkts skala frå ”svært god” til ”svært dårlig”, og for kvar av dei tre hovudgruppene (elver/bekkefar, innsjøar og kystvatn). Dette er vel og bra, men det er kritikkverdig at ein her enno ein gong baserer seg på gjennomsnittssituasjonar, utan å analysere ekstremisituasjonane, noko som ville ha gitt grunnlag for mykje sikrere konklusjonar når ein kjem til handlingsplanen.

Dei regionale høyringsdokumenta har også ei risikovurdering med tre grader (risiko, mulig risiko og ingen risiko). I hovuddelen er det gjort eit forsøk på definerings av ”risiko” og ”ingen risiko” ut frå vannportalen, men for ”mulig risiko” er det ikkje nokon definisjon, noko som fører til at denne gruppa står oppført med null antall vassførekomstar. Dette ser ganske uprofesjonelt ut, og heile kapittel 10 treng ein språkvask. Vidare er fleire av definisjonane svært subjektive, dette er meir synsing enn fakta. Også i risikovurderinga blir det skilt mellom elver/bekkefar, innsjøar og kystvatn. Resultatet er at 57% av vassførekomstane er i risikogruppa, og at det er elver/bekkefar som har størst risiko, medan kystvatn er minst truga.

Høyringsutkastet legg stor vekt på ”sterkt modifiserte vannforekomster” (SMVF), dvs. vassførekomstar som har god vasskvalitet i dag, men der kvaliteten er venta å bli dårlegare fram til 2021. Dette er altså den gruppa der det er mest påkravd å setja inn tiltak.

I overskrifta i kapittel 10 blir det stilt spørsmål om vi når miljømåla eller ikkje. Dessverre er det lite i det framlagte materialet som gir grunn til nokon konklusjon på dette spørsmålet. Til det trengs meir eksakte og presise mål for risikoanalysen. Det står då også på side 28 at ”Miljømåla for SMVF er ikkje fastsett enno, men setjast seinare i planarbeidet.” Dermed er det vanskeleg å vita om ein har nådd miljømåla eller ikkje.

Hovudutfordringar for vassmiljøet i Hordaland

Ut frå tabellane over påverknadstypar på side 5 finn vi at dei tre viktigaste påverknadene som omfattar flest vassførekomstar, er:

- Sur nedbør
- Hydromorfologiske endringar, i hovudsak vasskraft.
- Forureining, herunder påverknad frå oppdrettsannlegg.

Hovudutfordringane for vassmiljøet blir derfor forvaltninga av sur nedbør (med vekt på NO_x-utslepp, vasskraftutbygging og forureining. Dette bør også få høgste prioritet i handlingsplanen, og det må leggjast like stor vekt på å oppfylla måla i vassdirektivet som i klimadirektivet. For stor vekt på å nå klimamåla gjennom meir vasskraftutbygging, utan at det blir lagt til rettes for energisparetiltak, vil vera øydeleggjande for naturmangfaldet i vassdragsnaturen vår.

Utfordringer for fisk

Når det gjeld påverknad frå oppdrettsanlegg, viser vi til følgjande uttale frå NJFF Hordaland som FNF stiller seg bak:

NJFF-Hordaland vil påpeke at påvirkningene av fiskeoppdrett på vill anadrom laksefisk generelt i Hordaland fylke er vesentlig mer omfattende enn hva som framgår av høringsdokumentet.

I tabellen på side 5 som viser tal på vannforekomster som er påvirket står det f.eks at fiskeoppdrett påvirker 4 innsjøer, 12 elver og overhodet ingen påvirkning i kystvann. NJFF-Hordaland mener dette er misvisende i vesentlig grad. Eksempelvis finner vi flere hundre sjøaurevassdrag i fylket. Alle disse er mer eller mindre påvirket av lakselus. Eksempelvis registrerte Universitetet i Bergen i en enkel kommune (Kvam herad) mer enn tyve sjøaurevassdrag, i tillegg til de to registrerte lakseelvene i heradet (Steinsdalselva og Øysteseelva).

Rømt laks fra fiskeoppdrett påvirker langt flere enn 4 innsjøer i fylket; samtlige innsjøer i laskeførende vassdrag er påvirket av rømt laks, der er flere enn 4 påvirkede innsjøer på anadrom strekning i Osvassdraget alene. De 4 innsjøene som nevnes i tabellen på side 5 må være innsjøer der det drives fiskeoppdrett/settefiskproduksjon.

I tillegg er en del anadrome vassdrag påvirket av uttak av vatn til settefiskanlegg, som medfører redusert vannføring på anadrom strekning og vanskeligere opp- og nedvandingsforhold for anadrom fisk.

Lakselus er et svært stort problem for vill laksefisk i fjordene i Hordaland. Dette må påpekes under emnet "Kystvann". Tilsvarende gjelder rømt laks, som bidrar til å spre lakselusmitte i fjordene. Skadene villfisken påføres av lus og rømming er årvisst dokumentert gjennom omfattende undersøkelser i regi av Havforskningsinstituttet, Uni Miljø, NINA, Rådgivende Biologer A/S, for å nevne noen av de tunge fagmiljøene som har ansvaret for disse årlige undersøkelsene.

Generell forurensing er også et problem m.h.t Kystvann:

Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) melder i desember 2012 på sine nettsider at utslippene av næringsstoffer langs store deler av norskekysten har økt siden 1990. Økningen kommer hovedsakelig fra fiskeoppdretterne. Resultatene kommer fram i en rapport om 20 års overvåking av tilførsler til norske kystområder som er skrevet av Norsk institutt for vannforskning (NIVA) og Bioforsk på oppdrag fra Klif. " Det er viktig at vi følger med på dette. Det kan oppstå omfattende miljøskader hvis fjordenes tålegrense overskrides", sier Klifs direktør Ellen Hambro til direktoratets nettsider. Utslipp av næringsalter kan blant annet føre til tilslamming og begroing av viktige oppvekstområder for fisk og andre dyr.

NJFF-Hordaland viser til lista på side 12 som viser en opplisting etter frekvens for ulike miljøpåvirkninger; NJFF-Hordaland vil påpeke at fiskeoppdrett bør plasseres vesentlig lengre opp på denne lista enn tilfellet er i utsendte dokument. Vi mener at fiskeoppdrett bør komme som nummer 2 eller 3 på lista, etter sur nedbør og eventuelt hydromorfologiske endringer.

På side 20 hevder Fiskeridirektoratet at "kunnskapsgrunnlaget ikke er tilstrekkeleg til å si at innblanding av rømt oppdrettslaks truer nesten alle stammene av villaks i fylket." Dette står i motstrid til hva alle seriøse forskningsinstitusjoner påpeker, f.eks NINA.

Fiskeridirektoratet har i tillegg i dokumentet fått plass til ei lang skryteliste på side 22 over diverse tiltak satt i verk innen oppdrett. Ingen andre etater eller institusjoner, f.eks BKK, vegvesenet eller andre, har fått komme med tilsvarende skrytelister inn i dokumentet. Dette bærer preg av at fiskeridirektoratet, og kanskje også Hordaland fylkeskommune som er ansvarlig for dokumentet, har et ønske eller behov for å særbehandle fiskeoppdrett i denne prosessen. Dette stiller NJFF-Hordaland seg svært skeptisk til.

Påvirkning av fiskeoppdrett må etter NJFF-Hordalands syn inn som en av topp-tre hovedutfordringene i kapittel 11 m.h.t på side 29 over påvirkninger på vannmiljøet i fylket.

Med vennleg helsing
FNF Hordaland

Jan Bjørge
Bergen Turlag

Oddvar Skre
Naturvernforbundet
Hordaland

Alv Arne Lyse
Norges Jeger- og
Fiskerforbund Hordaland



Kopi:

Fylkesmannen i Hordaland
FRIFO